

**Oppmannsmøte**      **Førde IL Handball**

Stad: Førdehuset, Musikkrommet, 2. Etg.

Møtedato/tid: 14.01.2010. Kl.20.00 - 21.30

Referent: Randi Maheswaran

**Deltakrar:**

Frå styret: Eva Moberg, Dagfinn Vik, Jan Erik Odden, Randi Maheswaran.

Materialforvaltar: Arvid Solheim

Heimesideansvarleg: Tore Sørbo

Trenarar/oppmenn: 7 representantar

**Sakliste:** 1. Draktkjøp.

2. Oppmannsoppgåver

3. Loddsal

4. Klubbhandboka

5. Årsmøte

6. Dugnad på Sommarfesten.

7. Kontingent.

8. Ymse.

**Møteleiar:** Eva Moberg

Sak	Tekst
1.	<p><b>Draktkjøp.</b> All draktkjøp skal gå gjennom materialforvaltar. Kvaliteten på draktene er blitt betre, innkjøpspris er no kr.349. Det vil bli gjort framlegg om å endre eigenandelen frå kr. 150 til kr.200 (årsmøte 2010). Ved draktkjøp skal eigenandelen betalast før draktene blir utlevert. Laget disponerer draktene, difor skal ikkje spelar ha eige namn på drakta. Dette er fordi draktene skal kunne brukast på nytt, gå i "arv". Det er klubben sine sponsorar som skal stå på draktene, ingen lag kan ha "eigne" sponsorar. Trenar/oppmann er ansvarleg for det antal drakter laget har fått utdelt. Mini- handball skal ikkje betale eigenandel for sine drakter.</p>

<p><b>2.</b></p>	<p><b>Oppmannsoppgåver.</b>  Oppmannen er bindeleddet mellom trenar,spelar og foreldre.  Laget skal og ha ei foreldrekontakt, og oppmann og foreldrekontakt kan fordele oppgåvene seg imellom.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Lage liste over spelarar, trenar,oppmann, foreldrekontakt.  Dette må gjerast i god tid, for å få det inn på heimesida frå sesongstart.</li> <li>2. Registrere foreldre med adresse,tlf.nr. og arbeidsstad.</li> <li>3. Lage køyreliste til bortekampar.</li> <li>4. Sette opp liste til sekretariat ved heimekampar.</li> <li>5. Vere materialforvaltar i eige lag. Levere liste med laget sine behov til klubben sin materialforvaltar ved sesongstart.</li> <li>6. Passe på at alle spelarar har betalt kontingent, evt. lisens(frå fylte 13 år).</li> <li>7. Arrangere det årlege loddsalet for eige lag.</li> <li>8. Medverke til godt sosialt samhald i laget og gruppa.</li> </ol>
<p><b>3.</b></p>	<p><b>Loddsal.</b>  Generelt: Lotteritilsynet har ansvar for å gje løyve til loddsal.  Barn under 15 år skal ikkje selje lodd åleine, men må ha med seg person over 16 år for å ha ansvar for lodda og pengane.  Oppmann for kvart lag arrangerer loddsalet for laget.  Klubben har 11 lag som skal selje lodd.  Kvart lag får utdelt 300 lodd. Ein tener kr 6,25 pr seldt lodd.  Kvart lag får tildelt plass dei skal selje lodd på (rode).  Lodda skal seljast no i <b>veke 4 og 5.</b>  <b>Torsdag 4.feb.2010, kl 18 – 19: Levere loddpengane i Førdehuset.</b>  Dei lodda som ikkje er selde, blir samla inn og fordelt på laga på nytt.  Lag som har klart å selje alle lodda, kan sleppe å vere med på fordelinga.  Trenar/oppmann som ikkje var på møtet, må kontakte Dagfinn for å få utdelt lodd og rode.</p>
<p><b>4.</b></p>	<p><b>Klubbhandbok.</b>  Klubbhandboka har framleis store manglar.  Ein skal prioritere oppdatering av denne.</p>
<p><b>5.</b></p>	<p><b>Årsmøte.</b>  <b>Årsmøtet for Førde IL Handball blir 10.02.2010, kl.19.00, på Sunnfjord Hotell.</b>  På årsmøtet skal ein bestemme planen for neste år.  Alle blir oppmoda om å møte. Her har ein sjanse til å påvirke handballgruppa og arbeidet vidare. Kandidatane til valet er klargjort på førehand.  Sakliste: Val  Rekneskap og budsjett  Vedtak av sportsleg plan  Endringar i klubbhandboka</p>

6.	<p><b>Dugnad på Sommarfesten.</b></p> <p>Reisemål Sunnfjord har i år og spurd om handballgruppa vil vere med på dugnaden på Sommarfesten. I fjor tente handballgruppa kr.38.000 på dette. Pengane blir fordelte slik: 80% til laga som deltok, 20% til gruppa. Styret ynskjer at lag som er interresserte i å vere med på dette , melder frå <b>innan 01.02.2010.</b></p> <p>Det skal oppnemnast ein organiseringsansvarleg for dei laga som evt vil ta på seg dugnaden.</p> <p>Ved ein evt dugnad skal det foreligge ein skriftleg avtale med reisemål Sunnfjord der arbeidsoppgåver og godtgjerdsle skal vere avklara på førehand.</p>
7.	<p><b>Kontingent.</b></p> <p>Det er framleis ein del spelarar som ikkje har betalt kontingent. På møtet fekk trenar/oppmann utdelt liste med oversikt over dette. Det var lagt på fargekodar.</p> <p><b>Blått:</b> Kontingent/lisens betalt.  <b>Svart:</b> Ikkje betalt kontingent.  <b>Rødt:</b> Ikkje betalt lisens (frå 13 år).  FIL – handball sitt kto.nr står på heimesida.</p> <p>Frå spelarane fyller <b>13 år</b>, skal dei betale lisens/forsikringsavg. til Handballforbundet. Ein skal ikkje delta i kampar før dette er i orden.</p> <p><b>Dagfinn må få liste over dei spelarane som fyller 13 år før sesongslutt (gjeld J/G 12 år).</b></p> <p>Dei må betale halv lisens frå nyttår, og vil få tilsendt KID-nr for betaling. Frå neste sesong vil alle 13-åringar automatisk få tilsendt faktura for betaling frå HF.</p> <p><b>Reduksjon i kontingent</b> for spelar med foreldre som har oppgåver for laget sitt:  Hovudtrenar: Gratis  Oppmann : 50%</p> <p>Dersom oppmann og foreldrekontakt deler på oppgåvene, må ein prøve å fordele kompensasjonen.</p> <p>Ein del av desse har allereie betalt full kontingent for 2009/2010  Ta kontakt med Dagfinn, så kan dei få pengane refundert for denne sesongen.</p>
8.	<p><b>Ymse.</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Oppmennene skal sitje til Førde cup er ferdig. Dette for å lette arbeidet med laglister og å finne dugnadsfolk til cupen.</li> <li>2. Oppmannsmøtet bør vere i starten av sesongen, i veka etter Førde cup for å orientere nye oppmenn. Fleire møter gjennom sesongen?</li> <li>3. Opplæring i tidtaking og sekretariatarbeid. Dette bør skje i forkant av Førde cup. Ein kan evt ha ein "kurskveld" , der ein har fortløpande opplæring med ein halv time pr. gruppe.</li> <li>4. Diskusjon: Kvar lag kan ha faste personar til sekretariat på heimekampar og få fri køyring til bortekampar. Det einskilde laget bestemmer.</li> <li>5. Avtale med Sporten at dei heile tida har god tilgang på handballar av god kvalitet, slik at alle spelarar som treng det, kan få kjøpe.</li> </ol>

**6.** Ynskje om ei meir "levande" heimeside.

Styret vil setje fokus på dette framover, og startar oppryddingsarbeidet med det første..

Ein er imidlertid avhengig av samarbeid frå kvart einskild lag når det gjeld å oppdatere laglister og foreldrelistar. Ein del lag har framleis ikkje levert desse, så dei må kome på plass **snarast**.

Laga kan og elles gjerne delta på heimesida med bilete og tekst som dei sender inn.

Tore Sørbø tok under møtet bilete av trenar/oppmenn som var tilstades, for å legge desse bileta inn på heimesida.